

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

## **Vestlandsrådet og NSC/CPMR**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet ønskjer å auke samordninga på Vestlandet inn mot NSC/CPMR. Dette kan gjerast m.a. ved at:
  - Vestlandsrådet vil forsøke å sikre at alle dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen har politisk aktiv deltaking frå Vestlandet,
  - ein vil vidare forsøke å samordne kandidatar til ledige leiar-/nestleiarroller i Nordsjøkommisjonen sine tematiske grupper og Vestlandsrådet sin representant inn i Nordsjøkommisjonen sitt styre.
  - Vestlandsrådet vil med jamne intervall søkje å vere vertskap for ein eller fleire større internasjonale konferansar/arrangement i regi av CPMR/Nordsjøkommisjonen
  - rådet vil koordinere ei politisk gruppe på tvers av fylka i samarbeid med den internasjonale administrative gruppa i Vestlandsrådet,
  - ein vil skape eit nettverk mellom politikarar med internasjonalt engasjement gjennom årlege samlingar på Vestlandet

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### ***Bakgrunn***

Alle dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet er medlemmar i Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjonen / North Sea Commission (NSC). Både CPMR og NSC har på ulike vis reell påverknadskraft inn mot EU-systemet.

Politikarar frå Vestlandet – og Vestlandsrådet – har sentrale verv i begge organisasjonane. Utfordringa er korleis vi best kan nytte desse posisjonane og møteplassane organisasjonane representerer for å fremje interesser frå Vestlandet. Som regionsråd er derfor Vestlandsrådet interessert i korleis Vestlandet kan samle seg om å nytte fylkesmedlemskapa.

### ***Om CPMR***

Vestlandet si lokalisering langs kysten av Europa gjev både fordelar og utfordringar. Det er med bakgrunn i dette at alle fire fylkeskommunane i dag er medlemmer Konferansen for perifer maritime regionar (CPMR). CPMR vart oppretta i 1973, og i dag er 160 regionar frå 28 land medlemmar av organisasjonen. Til saman representerer desse meir enn 190 millionar menneske.

Hovudmålet for CPMR er å sørge for at EU sine institusjonar og nasjonale styresmakter tek regionanes si fellesinteresse med i sine vurderingar, og at dei spelar på lag med dei same regionane for å sikre praktiske prosjekt som utviklar fortrinna deira.

CPMR har organisert seg gjennom seks geografiske underkommisjonar for å ivareta medlemsregionane sine interesser. På denne måten gjer dei det enklare å formulere dei særskilde omstenda rundt kvart av dei store havbassenga. Kvar geografiske kommisjon har sin eigen organisasjonsstruktur, slik at den kan fremje sin spesifikke identitet og samarbeide om tema av felles interesse, samstundes som dei bidreg til samhald og eining for CPMR.

- ❑ The Islands Commission – Øykommisjonen, vart oppretta i 1979 for å forsvare ideen om at å være ei øy er ikkje synonymt med isolasjon.
- ❑ The Atlantic Arc, North Sea and Intermediterranean commissions vart sett opp i 1989. Atlantic Arc Commission har som mål å gjere den vesteuropeiske kysten meir dynamisk i forhold til forskyvning av tyngdepunktet i Aust.
- ❑ The North Sea Commission (NSC) arbeider med å gjere Nordsjøbassenget til ei sterk økonomisk eining.
- ❑ Intermediterranean Commission fokuserer på den sørlige delen av Middelhavet og utvikling av ein Euro-Middelhavsdialog.
- ❑ The Baltic Sea Commission (BSC) vart oppretta i 1996. I påvente av suksessive bølger av EU-utvidinga, fremjer det samarbeidet med dei nye medlemmene og Russland.
- ❑ The Black Sea and Balkans commissions vart oppretta i 2002/2003. Dei fusjonerte i 2004 for å utvikle fellesprosjekt og fremje fred og stabilitet.

Fylkesordførar Tom Tvedt i Rogaland er medlem CPMR sitt hovudstyre (political bureau).

### ***Om NSC***

Som regionar langs vestkysten av Noreg er vi også med i Nordsjøkommisjonen (NSC). Denne kommisjonen vart grunnlagt for å forenkle og forbetre partnerskap mellom regionane rundt Nordsjøen. Kommisjonen jobbar også med å utvikle Nordsjøbassenget som ei økonomisk

berekraftig eining i Europa, mellom anna gjennom politisk lobbyverksemd på det europeiske nivået. Nordsjøkommisjonen har vedteke at deira aktiviteter skal vere handlingsretta, der forskning, samarbeid og felles politiske utsegn er viktige for å sørge for positive fordelar for folket rundt Nordsjøbassenget.

Varafylkesordførar Tom-Christer Nilsen frå Hordaland fylkeskommune er medlem i Nordsjøkommisjonen sitt styre (Executive Committee). Ellen Solheim, Rogaland fylkeskommune, er Vice Chair i arbeidsgruppa for Innovation and Education.

#### **Politisk organisering:**

- ❑ Generalforsamling; open for alle medlemmar i juni kvart år.
- ❑ Executive Committee; presidentar og nasjonale representantar, 11 medlemmar
- ❑ Strategisk komité; president, visepresident og leiar for Nordsjø-/Austersjøsamarbeid
- ❑ Tematiske grupper; leia av ein formann og to viseformenn (gruppene er opne for alle medlemmar, både politikarar og administrasjon)

#### **Administrativ støtte:**

- ❑ Sekretariatet; hovudansvaret for administrasjonen av Nordsjøkommisjonen
- ❑ Tematisk gruppe sine konsulentar; har det administrative ansvaret for sine tematiske gruppe

Nordsjøkommisjonen er organisert gjennom dei følgjande tematiske områda (med sekretær);

Kultur og turisme	(Geir Sør-Reime)
Innovasjon og utdanning	(Erik Lindboe)
Berekraftig utvikling	(Yasa Ratnayeke)
Marine ressurser	(Ann Bell)
Transport	(Jon Halvard Eide)

Meir informasjon om CPMR finn de på [www.cpmr.org](http://www.cpmr.org)

### *Vurdering*

Fylkesrådmannen ser det som sær viktig at Vestlandet og Vestlandsrådet spelar ei aktiv rolle i tilhøve som gjeld Nordsjøen og Europa elles. Conference of Peripheral Maritime Regions og North Sea Commission er våre viktigaste politiske arenaer og skal Vestlandet ha ei politisk stemme internasjonalt, vert desse to arenaene sær viktige.

Samla sett kan vi summere opp følgjande argument for verdien av å delta aktivt i CPMR og Nordsjøkommisjonen:

- Som organisasjon er CPMR ein viktig informasjonskanal og ein god læringsarena både for administrasjon og politikarar.
- CPMR talar med ei sterk regionalpolitisk røyst og er direkte med og påverkar det som på sikt dannar nytt EØS-regelverk.
- CPMR har høve til å fremje saker i EU-systemet og kan møte direkte i EU-kommisjonen på våre vegne.
- Det kan vere meir eller mindre tilfeldig kven som står i leiande stillingar i Nordsjøkommisjonen, difor må vi ta ei aktiv rolle for å nå dei posisjonar som sikrar våre interesser.
- Det nordiske perspektivet er viktig å få inn i CPMR, og vi må sikre vår posisjon på same vis som Middelhavet jobbar fram sine problemstillingar i fellesskap

Ein tredje sentral arena for regional politisk påverknad, vert EFTA si etableringa av Forum for kommunalt og regional folkevalde. Eg viser her til eit eige notat om dette.